

Bergensar tok laks på 10,22 kilo

Leif Magne Jordal er ein av storfiskarane i Uskedalselva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bergensaren Leif Magne Jordal (47), til dagleg postbud i Fyllingsdalen, sette førebels årsrekord i Uskedalselva ved sju-tida søndag morgon: Han tok ein laks som vog 10,22 kilo og var 102 centimeter lang ovanfor Dønhaughølen eller omtrent rett nedanfor arenaen for Festidalen.

Laksefangsten er også personleg rekord for Leif Magne i elva.

- Men det er teke større laks her før, opplyser leiar i grunn- og elveeigarlaget Kåre Vetthus til uskedalen.no.

Tilhøva har slett ikkje vore dei beste for fiske i elva så langt i sesongen, det har vore altfor lite nedbør og for lite vatn. Likevel har Leif Magne fanga rundt 25 kilo laks og sjøaure sidan fiskestarten i juni og er utan tvil ein av storfiskarane i Uskedalselva.

På fangstlista hans for 2007 står to aurer og seks laksar. Også laurdag fekk han ein vaksen laks, på over fem kilo, medan dei andre fiskane han har teke i år ligg på frå ein til to og ein halv kilo. Femkiloslaksen tok han litt lenger nede i elva enn tikiloslaksen.

Leif Magne har teke fleire fiskar tidlegare år i Uskedalselva.

Han har fiska i "vår" elv sidan han kjøpte seg hytte i Stølshaugen-området i Herøysund for 20 år sidan. Eigentleg starta det med at han låg på Rabben Camping ei helg. Han trivdes i distriktet og snart var han både hytte-eigar og trufast fiskar her. Han fiskar slett ikkje berre i elva, av og til dreg han også inn i Blådalen med stonga og det hendar og at han fiskar i fjorden.

I elva fiskar han med alt mogeleg – valet avheng av tilhøva. Men helst nyttar han wobblers og det gjorde han også då storlaksen beit på søndag. Deretter kjem fluge og ein sjeldan gong nyttar han også mark..

- Var det problematisk å få storlaksen i land?

- I grunnen ikkje, men håven for for liten og eg måtte uti elva for å få tak på han.

- Likar du best å fiske laks eller sjøaure?
- Den største sjøauren eg har fått her vog 4,3 kilo. No er sjøauren neten borte og eg håpar at han kjem attende. Det er spanande å ikkje veta kva ein har fått på kroken....
- Det kan no synest som om auren er fortrent av laksen, men dette får vi ikkje endeleg svar på før om nokre år.
- Er det villlaks eller oppdrettlaks du har håva inn i år?
- Det veit eg ikkje, men tilhøva for lakseproduksjon er framifrå i elva. Det er mykje lakseyngel å sjå – og det harmykje med den intense kalkinga å gjera.

Av Ola Matti Mathisen



Tikiloslaksen var personleg rekord i Uskedalselva for Leif Magne (Foto: Privat)